



Bjørn Skibenes i Dønhaugkjedlaren. (Foto: Kjell Magne Haugland)

**Bjørn Skibenes, 56 år, omkom på sjøen for knapt to veker sidan.
Han vart gravlagt frå Husnes kyrkje i dag, fredag.**

Kyrkja var meir enn fullsett og det vart mellom anna sagt fram minneord frå den næraste familien, slekt, arbeidsvenner, verksemdar, kommunen og teater- og revymiljøet på Husnes.

Bjørn Skibenes har over mange år vore ein aktiv aktør på mange av tilskipingane i Uskedalen. Særleg må ein nemna Bøkkerveldane på Rød der han årleg i 13 år har delteke med deklamasjon, song og revyinnslag.

Humlepungen Bryggjarlag har også hatt eit nært og godt samarbeid med Skibenes. Han har vore med på fleire bryggingar og sytt for god underhaldning på dei fleste Uppskokene.

Røysterett for alle har hatt fleire konsertar saman med Bjørn. Særleg minnest vi Jakob Sande-framsyninga. Skibenes hadde planar for framtida. Saman med koret var han i gang med førebuingane til ein ny Ebert Taube kabaret i 2010. Bjørn var også sett opp i programmet for Humlepungen Bryggjarlag si Uppskoke neste helg. Det vert ikkje noko av. Det vert dess meir lagt inn ei minnemarkering til opninga på kulturkvelden i Dønhaugkjedlaren.

Bjørn Skibenes var med sitt lune og fine vesen ein omtykt og godt likt person. Han var hjelpsam og ville alltid det beste for kultur- og lagslivet i kommunen.

Bjørn vert djupt sakna av mange.

Vi seier: Fred over minnet

Kristian Bringedal